



## Austevoll kommune

Håkon Rasmussen  
Hordaland fylkeskommune

**Vår ref.**  
15/1-15/498JpID/RMK

**Arkivkode**  
15/1

**Dykkar ref.**

**Dato**  
14.01.2015

### Moglege løysingar for ferjesamband Austevoll

Eg syner til møte i dag, samt mitt brev datert 8. januar, og oppsummerar for ordens skuld Austevoll kommune sitt bodskap når det gjeld naudsynte strakstiltak for ferjesambandet Hufthamar- Krokeide, og vidare kva gjeld minimumskrav for kravspesifikasjon for neste anbodsrunde:

Me utgangspunkt at Hordaland fylkeskommune har inngått avtale om opsjon for gjeldande kontrakt, ser eg at det er naudsynt å be om at følgjande strakstiltak vert sett i verk for å sikra tryggleika:

- Den såkalla ”B-ferja” må inngå i den ordinære kontrakt med Fosen Namsos. Det er naturleg at Hordaland fylkeskommune dekkar kostnaden ved ferjesambandet, slik at Austevoll kommune ikkje lenger er med i eit spleiseland der kommunen og næringslivet betalar 4 millionar årleg for sambandet.
- ”B-ferja” er reserveferje for strekninga Hufthamar- Krokeide i tillegg til dei fem daglege turane. For å sikra stabilitet og forutsigbarheit på Hufthamar- Krokeide sambandet, ber eg om at ho ikkje lenger skal vera reserveferje i uvarsle situasjonar på andre ferjestrekk.

Når det gjeld arbeidet med kravspesifikasjon for neste anbod, har eg følgjande innspel:

- Det blir stilt krav om nyare ferjemateriale.
- Det blir stilt krav om to motorar som er uavhengige av kvarandre, slik at vedlikehald av ein motor kan gjennomføres medan ferja går.
- Det blir stilt krav om 2 ordinære ferjer mellom Krokeide – Hufthamar, med reserveferje i tillegg.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink that reads "Renate M. Klepsvik".

Renate Møgster Klepsvik  
Ordførar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent.*

**Kopi til:**

Edvard Johannes Stangeland